



# VEKEPLAN 3. TRINN

~ veke 43 ~



TIMEPLAN:					
Kl.	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15 - 9.45		Symjing 3A K&H 3C			
9.45 - 10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt		Friminutt
10.00 - 11.00		Symjing 3B K&H 3D		Kroppsøving 3C	Skulejoggen frå 10.00
11.00 - 11.15	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
11.15 - 11.45	friminutt	friminutt	friminutt	friminutt	friminutt
11.45 - 12.45	Kroppsøving 3B		Musikk	Kroppsøving 3D	
12.45 - 12.55	Friminutt	Slutt 12.45	Slutt 12.45	Slutt 12.45	Slutt 12.45
12.55 - 13.55	Kroppsøving 3A				

LEKSER:	
Til tysdag:	<p><b>Leselekse:</b> Les minst 15 minutt i sjølvvalgt bok til Norli lesekonkurransen. Hugs å registrera på <a href="http://norlijunior.no">norlijunior.no</a>. om du er ferdig med boka di.</p> <p><b>Diktat:</b> read - lese write - skrive</p> <p>Du skal kunne skrive desse orda på både engelsk og norsk. Dette er ei vekelekse, så det er lurt å starta øvinga på måndag og deretter øve litt kvar dag. Diktat blir kvar fredag.</p>
Til onsdag:	<p><b>Leselekse:</b> Gjer arket som ligg i svart diktatmappe. Skriv teksten på ny. Pass på at setningane gjer meining, at dei får stor bokstav og punktum. Når du har skrive setningane, les det du har skrive høgt for ein vaksen.</p> <p><b>Matematikk:</b> Gjer side 16 i matematikkboka "Regn og tegn", <b>eller</b> jobb 15 minutt i lekseheftet ditt.</p>
Til torsdag:	<p><b>Matematikk:</b> Gjer side 17 i matematikkboka "Regn og tegn", <b>eller</b> jobb 20 minutt i lekseheftet ditt.</p> <p><b>Leselekse:</b> Les minst 10 minutt i sjølvvalgt bok til Norli lesekonkurransen. Hugs å registrera på <a href="http://norlijunior.no">norlijunior.no</a>. om du er ferdig med boka di.</p>
Til fredag:	<p><b>Leselekse:</b> Les minst 10 minutt i sjølvvalgt bok til Norli lesekonkurransen. Hugs å registrera på <a href="http://norlijunior.no">norlijunior.no</a>. om du er ferdig med boka di.</p>



## o Melding til elev og heim:

**Denne veka har 3A/3B symjing.** Pga ferien i 41, byter vi no om slik at 3C/3D har symjing i partalsveker og 3A/3B har symjing i oddetalsveker.

**Skulejoggen:** Fredag 25. er det klart for årets skulejogg. Sjå inforskriv på neste side.

**Refleks/gå til skulen:** I veke 43 er det «Gå til skulen» aksjon igjen. Me håper flest mogleg går til skulen denne veka. Hugs refleks no når mørketida kjem. Me tel refleksar og kor mange elevar som går til skulen kvar dag denne veka.

Ikkje slutt å bruka refleks etter veka er omme..

**Spelekveld:** Hugs spelekveld på skulen, onsdag 23. oktober klokka 17.00-18.30. Det vil bli gitt meir info om fordeling av mat ol. på Facebookgruppa til trinnet/klassen. Håper det blir ein kjekk kveld!

**Headsett:** Minner om at det kan vera greitt at elevane har med headsett heimanfrå. Dei me har på skulen har dårleg kvalitet, og egne headsett er med på å begrensa speiing av lus.

**Med vennleg helsing dei vaksne på 3.trinn**



# Solidaritetsaksjonen 2019

I år vil me på Rosseland delta i aksjonen «Skolejoggen», der pengane går til «SOS-Barnebyer», og deira arbeid for å gi barn som manglar omsorg frå vaksne, ein kjærleg familie og ein trygg heim. Dato for hovudarrangementet vårt er fredag 25.oktober kl 10.00-11.30 i Sandtangen. Der ønskjer me å ha ei felles oppleving som skule, og gjera noko saman for ei felles og viktig sak. Det blir laga to ulike løyper; ei løype for 1.-3.trinn, og ei for 4.-7.trinn. Alle elevane skal då vera med å jogga for å hjelpa barn på flukt. Elevane blir oppfordra til å springa så mange rundar som mogleg, og det blir konkurranse mellom klassane om kven som klarar flest rundar til saman. Det vil bli premiering på begge løypene!

Korleis bidrar me? Det er heilt frivillig om ein vil støtta «Skolejoggen» eller ikkje, alle elevane deltek på arrangementet uavhengig av bidrag. Det er oppretta ei innsamlingside for Rosseland skule:

<https://innsamling.sos-barnebyer.no/5622>

Her kan mor, far, besteforeldre, tantar og onklar, vener og kjente vera med å betala ein sjølvvald startkontingent for å støtta innsatsen til kvar enkelt elev. Det er ei elektronisk betalingsløyving, som sjølvstilt er anonym. Du kan òg leggja igjen ei lita helsing, heiarop i samband med betalinga.

Kvart skritt me tar i Skulejoggen hjelper «SOS-barnebyer» sitt arbeid for barn som manglar omsorg, eller som står i fare for å mista omsorga frå sine næraste. Pengane me får inn går til å skaffa desse barna ein kjærleg familie og ein trygg og god heim. Målet er å samla inn minst 50 000 kroner til aksjonen, og det er mogleg å betala inn i heile oktober, og t.o.m. 15.november. (Tilsvaret kr 90 pr.elev)

Les meir om aksjonen og SOS-barnebyer sitt arbeid for barn på flukt:  
[www.skolejoggen.no](http://www.skolejoggen.no)

På førehand takk for innsatsen frå alle elevar, og takk for alle donasjonar til aksjonen vår!